

Regelverk for Kappspell

1. Grupper med besetning på to eller fleire kan stille. Dette inkluderer også større grupperingar som trekkspelklubbar og spelemannslag.
2. Same person kan kun melde seg på i tre grupper. Dette gjeld uansett instrument.
3. Ved innsending av video til kvalifisering for semifinale skal gruppa spille to melodiar i forskjellig taktart av typen vals, masurka/pols, reinlender, polka (med variantar som skotsk, hamborgar etc). Snoa, hambo og andre generelt skandinaviske gammeldansvariantar er tillatt. Same reglement for taktart gjeld for heile konkurransen. I finalen skal det spelast alle fire taktartane.
4. Det er ikkje tillatt med redigering av videoane eller pålegg av instrument. Det er kun dei som er med på opptaket som skal høyrest. Det er også den same grupperinga som skal møte ved ein eventuell semifinale/finale. Det skal brukast mobiltelefon av ok kvalitet til opptak av videoane. På denne måten har alle moglegheit for å ta opp og delta i konkurransen. Videoane sendast inn på eigen portal på:
www.trekkspillforbundet.no/kappspell
5. Frå videoutvelginga nominerar fagjuryen 6 grupper som går vidare til semifinalen. I semifinalen spelar kvar gruppe 3 melodiar. Bedømming frå fagjury og sms-innsending frå publikum dannar grunnlaget for utvelging av 3 grupper som går vidare til finale. Finalistane tek ikkje med seg poengsummen frå semifinalen inn i finalen.
6. I både semifinale og finale vert rangeringa delt mellom ein fagjury bestående av 4 dommarar, og publikum som kan stemme på SMS. Fagjuryen sine poeng skal telle 60% av totalen, medan publikumsstemmene på SMS skal telle 40%.
7. Finalen vert gjennomført ved at kvar av dei tre gruppene spelar 6 melodiar kvar. Alle 6 melodiane blir bedømt som ei heilheit. Her er også fagjury og sms-innsending fra publikum det som dannar grunnlaget for å kåre ein vinnar. Fagjuryen sine poeng skal telle 60% av totalen, medan publikumsstemmene på SMS skal telle 40%.

Premiering:

Premiering for dei tre finalistane.

3 plass gir bronsemedalje, og ein pengepremie på 5 000,-

2 plass gir sølvmedalje, og ein pengepremie på 10 000,-

1 plass gir gullmedaljer til alle deltakarane, ein pengepremie på kr 20 000,-, samt pokal.